



Signe Agnete Gullestad Haaland
Olav Kyrres Gate 3
0273 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6253 - 22/64287

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
26.08.2022

Søknad om endring i matrikkelen - gbnr 141/5 Kvamme nedre

Viser til innkome krav om endring av bygningstype frå 163- Våningshus brukt som fritidsbustad, til 113- Våningshus, datert 23.08.22.

Bygningstypen er no endra frå 163- Våningshus brukt som fritidsbustad, tilbake til 113- Våningshus i matrikkelen.

Vurdering:

Bygget som er søkt endra her er det opphavelige våningshuset på bruket 141/5. Endringa som er omsøkt her, er ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslov, dersom det er grunn til å tru at huset framleis oppfyller krav til heilårsbustad. Eigar har truleg på eit eller anna tidspunkt søkt om å få endra dette til type 163- våningshus brukt som fritidsbustad. Offentelege avgifter vert redusert etter slik endring av kode.

De opplyser at de har brukt huset til heilårsbustad regelmessig gjennom heile året, sidan 2012 og at de framleis vil halda fram med slik bruk. Kommunen legg då til grunn at huset oppfyller krava til heilårsbustad.

Då bustader/ våningshus er i næringsgruppa bustad- uansett om det vert brukt som heilårsbustad, eller fritidsbustad, vert slike skattemessig likna som bustader/sekunderbustader. Dette huset vert difor også i dag likna som sekundærbustad.

Konklusjon:

Bygningstypen vert endra for dette bygget, då opphavet og faktisk bruk seier at dette er ein heilårsbustad – registrert som våningshus då det opphavelig er bustadus tilhøyrande landbrukseigedom.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

141-5-våningshus før retting
141-5-våningshus etter retting

Mottakarar:

Signe Agnete Gullestad Haaland

Olav Kyrres Gate 3

0273

OSLO